Samskaping i Gloppen



Notat frå arbeidsgruppe for samskaping

08.03.22

Gloppen kommune

1. Om oppdraget

I kommuneplanen sin **samfunnsdel** for Gloppen står det:
*Det å vere i forkant handlar om å ha ein utviklingskultur som fangar opp signal og tar fatt i det handlingsrommet som ligg i samfunnsendringane. Dette krev ein utviklingskultur basert på «**samskaping**», der kommunen, næringslivet og frivillige bringer kompetanse og ressursar i lag, og utviklar felles løysingar. Kopla til posisjonen «Ein rikare kvardag – midt i verda» betyr dette at vi skal legge til rette for samfunnsendringar som gir innbyggjarane våre ein så god kvardag som råd.*

Begrepet «samskaping» er eit omgrep som er teke mykje i bruk i kommunesektoren dei siste 2-3 åra. Dette er ein ny måte å samarbeide på med eksterne partar utanfor kommunens administrasjon og eigne ressursar, og det kan fort oppstå spørsmål og kritikk om korleis kommunen skal opptre i eit slikt samarbeid.

Kommunedirektøren sende i den samanheng eit notat til ordføraren 23.04.21, der han oppretta ei arbeidsgruppe som skulle svare ut og komme tilbake til politikarane med eit framlegg til rutinar/regelverk for samskapingsprosjekt. Arbeidsgruppa skulle bestå av representantar frå utviklingslaga, Gloppen næringsorganisasjon, kulturlivet/kulturråd og næringssjef. Konstituert kultursjef blei sett til å leie arbeidsgruppa.

Første møte vart halde 24. juni 2021. På dette møte deltok Hallgeir Hansen (Gloppen næringsorganisasjon), Hanne Oftedal (representant for kulturlivet), Gro Vereide (representant frå utviklingslaga), Knut Roger Nesdal og Birte Fossheim (Gloppen kommune). Anders Skipenes deltok i starten av møtet. I ettertid er gruppa supplert med Tove Hanne Ommedal (Hyen utviklingslag) og Øystein Skinlo er kome inn i Hallgeir Hansen sin stad for Gloppen næringsorganisasjon.

Arbeidsgruppa bestemte seg for å hente inn erfaring og kunnskap frå andre kommunar som har kome lengre i arbeidet med samskaping. Vi avtalte digitalt møte med to kommunar - Arendal og Stad - og lærte mykje av å høyre på deira erfaringar og kunnskap så langt. Viktig tilbakemelding frå begge kommunane er at samskaping må utviklast over tid gjennom felles prosjekt, der ein får erfaring og prøver og feilar. Det finst ingen fasit eller oppskrift.



Illustrasjon av Tor Erling Naas frå KS si handbok om samskaping "La oss gjøre det sammen".

Arendal kommune har utvikla ein sivilsamfunnsstrategi i samband med sitt arbeid med samskaping som heiter «Samskaping i Arendal». Dette, i lag med foredraget frå prosjektmedarbeidar Anne Cathrine Haugland, har vore eit viktig grunnlag for arbeidsgruppa. I tillegg har Arendal jobba fram eit dokument som dei kallar «Verktøykasse for innbyggermedvirkning». Dette viser kompleksiteten i samskaping i forhold til kva rolle kommune og sivilsamfunn tek, og samarbeid på ulike nivå.



Stad kommune er involvert i eit 3-årig prosjekt med Forskningsrådet som vert kalla «Den samskapande kommune». Prosjektet brukar heimesida til kommunen og deler informasjon om arbeidet. Det er oppretta 3 delprosjekt, og under der igjen vert det jobba med større og mindre samskapingsprosjekt. Måten Stad jobbar på i sine prosjekt har vore svært interessant å få kunnskap om. På nettsida til prosjekta kan vi lese: «*alle som har lyst til å bidra inn i prosjektet eller berre har lyst å bli kjent med oss, er velkommen til neste møte. ….Alt som trengs for å delta er at du er motivert til å skape noko nytt i lag med andre*!»







2. Kva er samskaping

I Norsk Statsvitenskaplig Tidsskrift 01/2019 seier Røiseland og LO følgjande om samskaping:

En vanlig definisjon av samskaping i tilknytning til offentlig sektor er enkelt sagt at offentlige og private og/eller sivile aktører arbeider sammen gjennom å dele kunnskap og ressurser med hverandre (Torfing, Sørensen og Røiseland, 2017). Det er snakk om en samarbeidsrelasjon, der både offentlige aktører og andre er involverte. På denne måten skiller samskaping seg fra outsourcing, der offentlig sektor overlater en oppgave til andre. Samskaping er heller ikke synonymt med høringer og ulike prosedyrer for at borgerne kan si sin mening om en sak, og det handler heller ikke om at offentlig sektor trekker seg tilbake, og overlater fellesskapet til sin egen skjebne. I tråd med det opprinnelige begrepet fra privat sektor forutsetter samskaping at både offentlig sektor og sivilsamfunn og/eller private aktører inngår som aktive deltakere i en prosess der verdi skapes.

Arbeidsgruppa har jobba vidare etter denne definisjonen *at i samskaping jobbar personar med ulike ressursar, erfaringar og kunnskap saman for å skape verdiar. Partane i samarbeidet er likeverdige partar.*

I mange tilfelle startar ein utviklingsidé ute i eit lokalsamfunn, hjå ein næringsaktør, privataktør eller i ein lag/organisasjon. Kommuneadministrasjonen eller politikarane kan også vere dei som står bak gode idear for utvikling som kan la seg realisere gjennom samskaping. Samskaping blir ein måte å jobbe saman om lokal utvikling på. Det betyr ikkje at kommunen slepp å bruke ressursar på utviklingsarbeid, men at rolla til kommunen er meir som tilretteleggjar. Det betyr også at engasjement og initiativ i større grad vert flytta ut i lokalsamfunna, noko som også utfordrar politikarane si rolle.

Arendal skildrar samskaping som ein gjensidig læringsprosess. Utviklingsprosessen i det enkelte prosjekt og dynamikken mellom dei involverte aktørane fordrar eit behov for både fleksibilitet og refleksjon.

I dette dokumentet forsøker vi å svare ut ulike spørsmål arbeidsgruppa har definert i samband med samskaping, og der vi oppsumerar vidare arbeid til slutt.

3. Kvifor samskaping

Lokalsamfunna våre har mange oppgåver og mål som ålmenta ønskjer å realisere, men som det ikkje kan vere kommunen sitt ansvar å løyse åleine. Det vil heller ikkje vere mogleg med den demografiske utviklinga vi ser framover. Innbyggjarar, næringsliv og lokale organisasjonar er viktige samarbeidspartar for kommunen, og samskaping byggjer på ressursar og kompetanse frå desse partane.

Ansvaret for å utvikle gode og velfungerande lokalsamfunn kviler på alle desse aktørane. Dette skaper ein viktig meirverdi for innbyggarane. Lokalt eigarskap er ikkje berre viktig, men det er ein suksessfaktor for å lukkast. Samskaping skal styrke lokalsamfunnet sine demokratiske verdiar gjennom aktiv deltaking, likeverd og maktutjamning.

Kommunen går frå å utvikle løysingar og tenester *for* innbyggarane til å utvikle løysingar og tenester *saman* med dei.

Utvikling av aldersvennlege lokalsamfunn er eit godt døme på dette. Her er det fokus på å verdsette og ta i bruk innbyggarane sine ressursar i sitt lokalsamfunn. Utan samskaping klarer vi ikkje å hente ut denne ressursen. Innbyggarinnflytelse skjer der innbyggarane og andre lokale aktørar er med på å definere utfordringar, og kva for tiltak som skal vurderast og prioriterast.

4. Døme på lokale samskapingsprosjekt

Arbeidsgruppa har reflektert rundt at vi har mange samarbeid i dag mellom kommune, private og sivile aktørar som vi kan kalle samskaping. Vi har lista opp ulike døme, utan at denne lista på nokon måte er komplett i forhold til samskapingsprosjekt i Gloppen i dag. Føremålet med å sjå på døme vi kjenner sjølv, var å hente ut læring om kva som er viktig i oppstart og gjennomføring av eit samskapingsprosjekt.

- Kultursti og rekreasjonsområde på Reed – ferdig i 2021. Initiativ frå Reed utviklingslag.
  Samskaping mellom Reed Utviklingslag, Gloppen sogelag, kommunen, private aktørar, Vestland fylkeskommune og lokale entreprenørar.

- Festivalane i Gloppen – vi har mange festivalar gjennom året som yter til og drar vekslar på ulike aktørar. Sjølv om festivalane vert gjennomført årleg, kan vi rekne dei som nye samskapingsprosjekt kvar år med utvikling og nye bidragsytarar inn.
  Samskaping mellom festivalarrangør, lokalt næringsliv, kommunen, andre delar av kulturlivet, stor dugnadsgjeng.

- Grandeparken – initiert av kommunen
  Samskapingsaktørar: Hagelaget, kommunen, skular, private entreprenørar og næringslivet i kommunen

- Beredskapsplan i Hyen – etter orkanen Dagmar i desember 2011 vart det tydeleg kor sårbart lokalsamfunnet i Hyen var på infrastruktur og samband.
  Samskapingsaktørar: Røde kors, kommunen, Bondelaget, sivilsamfunn

- Møteplass i Hyen for ungdom – etablert i kjellaren på samfunnshuset.
  Samskapingsaktørar: ungdom, foreldre, ungdomslag, korps

- Trivselsskogen – opna i 2018 men er stadig under vidare utvikling.
  Samskaping mellom Trivselsskogen SA, grunneigarar, kommunen, DNT, privatpersonar, lag- og organisasjonar, Vestland fylkeskommune, Extrastiftelsen, Sparebankstiftinga, Gjensidigestiftelsen og lokalt næringsliv



Åpningsfest på TIN-camp med statsminister Erna Solberg 18. juli 2019. Foto Stig Roger Eide

- Landsbylaurdagar – etablert i 2018. Gjennomført 12 landsbylaurdagar i 2019. 2020 og 2021 har hatt utfordringar pga koronarestriksjonar på arrangement. Kvar landsbylaurdag vert eit nytt samskapingsprosjekt. Samskapingsaktørar: Lokalt kulturliv med lag og organisasjonar innan idrett og kultur, festivalane, kommunen, butikkgruppa/GN, barnehagar/skular, Kulturskulen, REKO-ringen.

Viktige innspel vi tek med oss frå lokale prosjekt:

- Tillit, likeverd og respekt er viktige verdiar partane må gå inn med.
- Positiv og løysningsorientert innstilling frå dei som deltek. I starten av eit samskapingsprosjekt er det dei positive ideane som skal få myldre.
- Frivillige ressursar og kompetanse må sjåast på som ein kapital.
- Erfaring og lokalkunnskap er viktig for samskapingsprosjekt.
- Samskapingsprosjekt har ein start og slutt. Går over i ein annan fase når det er kome inn i etablerte former, eller er blitt noko som gjentek seg fast.
- Ressursar og kva dei ulike aktørane kan bidra med må vere avklart når eit samskapingsprosjekt er etablert.
- Prosjekta må vere transparente slik at det er synleg kven som deltek med kva.
- Vi ønskjer oss ei sjekkliste (sjå under pkt 5) for å definere samskapingsprosjekt. Sidan metodikken må utviklast over tid og med erfaring, må denne også justerast undervegs.



Avslappa og god stemning på landsbylaurdag. Foto: Birte Fossheim

5. Korleis komme i gang med eit samskapingsprosjekt

Samskaping baserer seg på å lokalt engasjement og utviklingskapasitet. Folk har hjarte for området der dei bur eller aktiviteten dei er involvert i, og det gjer det lettare å mobilisere. Kommunen vil alltid ha ei opa dør for aktørar som ønskjer dialog om samskaping. I første omgang handlar det om å samle nøkkelpersonar som kan gjere det muleg å realisere prosjektet, samtidig som det er ei open invitasjon for folk som har interesse og ønskjer å bidra. Kommunen kan bidra til å samle aktørar, men ikkje ta over styringa i prosjektet.

Etter eit idémøte må partane avklare om dei er villig og har mulegheit til å bidra i samskapingsprosjektet, og kva dei kan bidra med.

Frå andre kommunar si erfaring, ser vi at det er det viktig å ha med seg at deltakarane i prosjektet ofte har ulik forståing av mål, aktivitetar og framdrift i arbeidet. Å leie samskapingsprosessar handlar om å skape rammene som bidreg til at ein blir samde om mål og framdrift, og det baserer seg på god kommunikasjon og tillit mellom dei ulike aktørane. Det må vere openheit dersom det er skeivheiter i maktforhold, og det må avklarast spelereglar for å skape balanse mellom partane i samarbeidet.

For kommunen er det naturleg å sjå samskapingsprosjekt opp mot samfunnsdelen og målsettingar som er peika ut her. Også andre vedtekne kommunale planar kan ha tiltak som let seg realisere gjennom samskaping.

Framlegg til sjekkpunktliste for etablering av eit samskapingsprosjekt:

1. Kva er prosjektideen – handlingspunkt
2. Kven er samskapingsaktørane
3. Kva kan dei bidra med
4. Kven skal leie prosjektet
5. Bli samde om mål og framdrift
6. Få klarheit i finansiering
7. Korleis er det forankra i planverk
8. Kva er handlingsrommet utifrå gjeldande regulering, lover, reglar

6. Openheit om samskapingsprosjekt

Det er viktig at det er openheit omkring samskapingsprosjekt som vert etablert. Dette for å skape den demokratiske effekten som ein ønskjer, og for at det skal vere muleg for personar med kunnskap og ressursar å melde seg på. I samskapingsprosjekt der kommunen er involvert, må desse vere transparente slik at aktørane og kva dei bidreg med, er synleg og offentleg.

Det er naturleg å sjå for seg at kommunen si heimeside kan nyttast som informasjonskanal. Vidare kan ein bruke nettverket til aktørar som bidreg til å dele informasjon vidare i sine kanalar. Som døme kan ein lese på heimesida til Stad kommune*: Saman med alle dei som har lyst til å bidra, skal vi utvikle prosjektet urbant landbruk. Måten vi skal jobbe på vil følgje prinsippet «Samskaping». Kva prosjektet skal innehalde, og kva aktivitetar som skal gjennomførast, blir bestemt saman med alle dei som er interessert.*

7. Møteplassar

For å få til samskaping må det leggast til rette for gode og opne møteplassar for dei som deltek i arbeidet. Tema for møta må vere kjent for alle som er invitert, og det er viktig at ikkje nokon av partane har bestemt seg for ei løysing på førehand. Bli samde om kven som skal inviterast og kven som har ansvar for møteleiing og prosess. Bruk gjerne nokon utanfrå for å unngå at dei som er interessentar i arbeidet styrer prosessen i ei retning. Ha gjerne møte i lokalsamfunnet der prosjektet er tema. Sørg for god dokumentasjon og at denne er ope tilgjengeleg på nett.

8. Kommunen som organisasjon si rolle

Samskaping er ein ny måte for kommunen å jobbe med lokal utvikling på, der ein i sterkare grad spelar på engasjement til eksterne partar. Det er naturleg at kommunen deltek inn i ulike samskapingsprosjekt, mest som tilretteleggjar, ev med ressursar dei rår over, og dei skal ikkje ta over initiativet eller styringa av prosjektet som er initiert av andre. I andre høve kan kommunen vere initiativtakar for eit samskapingsprosjekt der ein inviterer inn samskapingsaktørar og der det er naturleg at kommunen også styrer prosjektet.

Kommunen kan bruke sin fagkompetanse og oversikt over lokalsamfunnet til å bidra til at andre aktørar lykkast. Kommunen vert utfordra til å inspirere og koordinere framfor å kontrollere. For den enkelte tilsette krev det kompetanse om samskaping og sterk forankring i kommunen si leiing.

Det er ikkje kommunen si rolle å avvise idear, men ha ei opa dør for innspel. Dei som kjem med ideen må sjølv ville bidra til utvikling, og ha tankar for kven andre aktørar som kan vere viktig for prosjektet. Det kan også vere prosjekt der kommunen meiner dei ikkje skal ha nokon rolle, men at samskapingsprosjekt likevel vert gjennomført mellom eksterne aktørar og vert synleggjort på kommunen si heimeside.

For kommunen vil kopling til samfunnsdelen vere med å styre kva prosjekt kommunen skal prioritere å gå inn i. Kommuneadministrasjonen må ha eit opplegg for kven som tek i mot idear utanfrå, og dette må vere tydeleg informert via kommunen si heimeside. Administrasjonen må vurdere kva prosjekt ein har ressursar til å gå inn i, så lenge dei er kopla til kommunen sine målsettingar i samfunnsdel eller anna planverk.

I mange samskapingsprosjekt vil der vere eit gitt handlingsrom i forhold til regulering, politiske avgjer, lover og reglar. Det er viktig at alle som deltek vert gjort kjent med handlingsrommet som gjeld for det aktuelle prosjektet. Dette skal ikkje øydeleggje for idémyldring om kva som kan vere muleg å få til. Men om prosjektet krev at handlingsrommet må endrast, så må ein følgje vanlege rutinar for reguleringsbestemmelar, ting som er søknadspliktig, eller at handslingrommet er uklart og krev politisk avklaring.

Kommunen har oppgåver som er knytt til lovpålagde tenester, kontroll og tryggleik, samtidig som dei har oppgåver knytt til utvikling og innovasjon. Det er ikkje nokon rettleiar som avgrensar gjensidig samarbeid, men ein må ha eit bevisst forhold til innkjøpsreglementet.

Arendal har laga ei sjekkpunktliste i forhold til kommunen si deltaking:

- Er det juridiske begrensingar for korleis kommunen kan samskape i dette prosjektet?
- Tek vi omsyn til krav om innsyn og openheit?
- Må vi vurdere spørsmål om habilitet?
- Vil arbeidet ta høgde for likebehandling av involverte partar og dei som ikkje er ein del av samskapinga?

9. Politikarane si rolle

Samskaping vil gje personar med lokal utviklingskraft større mulegheit til å delta og bidra med ressursar. Det handlar ikkje om at ein tek frå politikarane styring. Dette vil dei halde fram med gjennom plandokument, regulering og politiske saker. Og så lenge handlingsrommet er klarlagt i forhold til lover, reglar, regulering eller politiske vedtak, så må samskapingsaktørane få jobbe fritt innanfor det. Dette er viktig for å ta vare på engasjementet og eigarskapen til dei som deltek frivillig inn i samskapingsprosjekt.

For politikarane kan utvikling av ein slik demokratisk arena, vere positivt. Dette fordi ein i større grad nyttar lokale utviklingsressursar systematisk og inviterer til at fleire aktørar tek eigarskap. Administrasjonen eller den som er valt til å leie eit samskapingsprosjekt, må bruke politiske utval og råd til å orientere om prosjektet undervegs. På denne måten byggjer ein tillit som er viktig for å lukkast med samskaping. Basert på kunnskap frå andre kommunar, er møta i samskapingsprosjekta opne for dei som er interessert, og politikarane er inviterte til å delta i prosjekt dei har interesse av.

Eit samskapingsprosjekt kan bli etablert med bakgrunn i eit plandokument, ei regulering eller eit anna politisk vedtak. I mange tilfelle vil rammene og handlingsrommet for eit prosjekt vere definert her. Eit samskapingsprosjekt treng då ikkje eit politisk vedtak før eit prosjekt kan starte opp. Dersom det må gjerast endringar på regulering, søknadspliktige tiltak eller søknad om midlar, så vil saka bli lagt fram for politikarane etter vanlege prosedyrar.



10. Ressursar



Dei som er involvert i samskapingsprosjekt må også løyse finansiering av tiltak. Der vil vere ulike tilskotsordningar som aktørane kan søke på og oppdrag som private bedrifter kan bidra med. Det vil også vere muleg å søke kommunen om midlar gjennom dei ordinære budsjettprosessane. Det siste tek gjerne lengre tid enn det aktørane ønskjer, som ofte har ein motivasjon for å sjå resultatet raskt i sitt lokalsamfunn.

11. Framtidsbilde «Den samskapande kommunen»

Arbeidet med å utvikle ein metodikk for samskaping må gjerast over tid, og er eit arbeid som blir til gjennom prøving, erfaring og evaluering. Det kan organiserast som eit utviklingsprosjekt som går over ein periode på tre år. Kommune, politikarar, lag- og organisasjonar og interesserte innbyggjarar må få kunnskapspåfyll tilpassa sitt behov. Erfaring frå samskapingsprosjekt må takast vare på og oppsummerast årleg i prosjektperioden.



Samfunnsdelen til Gloppen som lokalsamfunn vil vere ei viktig forankring for ulike samskapingsprosjekt som vert etablert. Dei må strekke seg etter å bidra til posisjonen «Ein rikare kvardag – midt i verda», og kunne sorterast under framtidsbilde for Gloppen i 2030 under:

- Rike og rause livsmiljø
- Nyskapande lokalsamfunn
- Klima og miljø

Det må vere ei målsetting at det etter tre år er etablert ein god metodikk for korleis vi jobbar med samskaping i Gloppen, og at arbeidet vert evaluert og oppdatert med ny kunnskap. Samskaping er ikkje eit mål, men ein praksis! Gjennom samskaping vert det skapt verdiar lokalt ved at personar med ulike ressursar, erfaring og kunnskap jobbar likeverdig saman.

12. Arbeidsgruppa si anbefaling

1. Gloppen kommune vil over ein 3 års periode teste ut og etablere system og praksis for samskaping.
2. I perioden skal vi auke kommunen, politikarane og sivilsamfunnet sin kompetanse på samskaping gjennom tilpassa foredrag og workshop.
3. Innbyggjarar, næringsliv, kultur- og idrettsliv, utviklingslag og andre organisasjonar som har idear til samskapingsprosjekt vert teke positivt i mot av politikarar, leiarar og tilsette i Gloppen kommune.
4. Kommunen vurderer si rolle som bidragsytar og tilretteleggjar i samskapingsprosjekt. Dei avklarar også handlingsrommet i forhold til lover, reglar og politiske avgjer som aktørane må kjenne til.
5. Leiar for eit samskapingsprosjekt vert invitert inn for å orientere politikarane om arbeidet.
6. Samskapingsprosjekt som vert etablert, vert informert om på kommunen si heimeside, og er opne for folk som har interesse og ressursar til å bidra. Sjekklister og tips til samskapingsprosjektet vil vere tilgjengeleg her.
7. Innanfor handlingsrommet som er gitt, jobbar aktørane i eit samskapingsprosjekt fritt, basert på at dei er likeverdige partar. Det må avklarast kva ressursar dei ulike partane kan bidra med. Finansiering av tiltak må avklarast i prosjektet.
8. Kommunedirektøren vil i denne første 3-års perioden lage ei årleg oppsummering av erfaringar som ulike samskapingsprosjekt har gjort. På denne måten ønskjer ein å skape ein kultur for utvikling der samskaping fungerer i praksis.



Illustrasjon av Tor Erling Naas frå KS si handbok om samskaping "La oss gjøre det sammen".

Referansar:

- *Samskaping – nyttig begrep for norske forskere og praktikere* - Norsk statsvitenskapelig tidsskrift – Idunn
- La oss gjøre det sammen! – Håndbok i lokal samskapende sosial innovasjon. KS og Høgskolen i Sørøst-Norge.
- *Den samskapande kommunen* – Stad kommune si heimeside
- *Samskaping i Arendal* – sivilsamfunnsstrategi vedtatt av bystyret 27. september 2018.
- *Verktøykasse for innbyggermedvirkning* – Arendal kommune
- *Verktøy for samskaping* - foredrag tilgjengeleg på nett av Lars U Kobro, Universitetet i Sørøst-Norge